

Bacheloroppgåve

Traumer, håp og kjærleik

– å møte einsleg mindreårige flyktningar

Kine Solheim

Sosialt arbeid
Barnevernspedagogutdanninga
2015



HØGSKULEN
I VOLDA

Samandrag

Einsleg mindreårige flyktningar er ei sårbar og utsatt gruppe. Dei står ovanfor ei stor utfordring når dei skal tilpasse seg eit liv i eit framand land. Både tida i heimlandet, på flukt og det nye livet i eksil vil vere med å prege den enkelte sin integreringsprosess. Det desse einsleg mindreårige flyktningane har til felles er at dei har opplevd store tap av nære tilknytnings- og omsorgspersonar. Dei har svært ofte vore gjennom vonde og traumatiske opplevingar både før, undervegs og etter flukta til Noreg.

I omsorga for desse borna står sosialt arbeid som profesjon sentralt, då fyrste møtet ofte vil vere på ein flyktning sin institusjon. Det er difor naudsynt at ein brukar den faglege kompetansen og kunnskapen ein har til å hjelpe desse einslege mindreårige flyktningane i overgangen til det «nye» livet. Dette kan vere mellom anna basiskunnskap som inngår i sosialarbeidarrolla og kunnskap om traumereaksjonar og kva dei ulike einsleg mindreårige flyktningane kan ha vore gjennom.

Sjølv om mange av dei unge flyktningane som kjem til Noreg har ei traumatisk fortid, ser ein at der alltid er nokre som klarar seg betre enn andre. Resiliensomgrepet viser i oppgåva at nokre unge flyktningar kan handtere kriser og påkjenningar på ein positiv måte. Teori rundt resiliens viser også at ein viktig beskyttelsesfaktor er kjensla av å meistre. I eit nytt land, med mykje nytt å lære seg, språkleg og sosialt, kan ein oppleve å ikkje strekkje til. Dersom vi som sosialarbeidarar kan klare å hjelpe desse unge til å meistre til dømes sosiale ferdigheter vil dette kunne ha ein resiliensfremjande effekt.

Det å ha fokuset retta mot mennesket sin styrke, og der tanken er at ved å ha eit ressursorientert fokus, bør ein studere teoriar bygt på mellom anna meistring, resiliens og relasjonsbygging. Dette har vist seg å vere vellukka faktorar i ein integreringsprosess. Nyare forskning har også vist at kjærleik kan vere ein behandlingsstrategi i sosialt arbeid.

Innholdsliste

Innleiing	4
Tema og val av problemstilling	5
Metode og kjeldebruk	6
Forsking	7
Frå flukt til eksil	8
Før flukta	8
Under flukta	9
Livet i eksil	10
Kulturmøtet- tilpasning til det norske samfunn	12
Traumer og PTSD	13
Posttraumatisk vekst	15
Overlevelsesstrategiar	15
Resiliens og meistring	18
Relasjonelt sosialt arbeid	20
Drøfting	22
Sosialarbeidaren- som den signifikante andre	23
Livet i eksil; korleis gjekk det med Anne og Richard?	25
Kjærleik i sosialt arbeid	26
Avslutning	30
Kjeldeliste	32

Innleiing

«Samir ankom med ein ven, den einaste han hadde, som hadde hjelpt han å finne vegen inn til mitt kontor. Samtala føregjekk med tolk. Samir gjekk nølande inn på kontoret og var tydeleg redd. Han såg undersøkjande på både meg og tolken, men fyrst og fremst saumfarte blikket hans rommet gong på gong. Over bokhylla, opp i hjørnet mellom veggen og taket, bort på skrivebordet. I byrjinga var han ikkje i stand til å snakke. Han prøvde fleire gongar, men det kom berre kviskrelydar som tolken ikkje kunne forstå (...)» (Varvin 2003:19)

Vi les om det i aviser, og i artiklar på internett- vi ser det omtrent dagleg i nyheitsbilete; krig, naturkatastrofar og terrorisme. Vi ser fryktelege bilete frå verden over. Berre siste vekene har vi vore vitne til at fleire hundre har mista liva sine i drukningsulykker i Middelhavet. Born og unge er på flukt frå heimane sine, frå foreldre, familie og vener. På flukt frå liva sine.

Verda er i dag, kanskje meir enn nokon sinne, prega av *migrasjon*, ei folkevandring som har haldt på i alle tider i mennesket si historie, til dømes grunna hungersnaud, krig eller forfølgning (Varvin 2013: 398). I løpet av dei tre fyrste månadane i 2015 kom det 197 asylsøkjjarar til Noreg som oppga at dei var einslege mindreårige. Det er ei auke på 25 prosent samanlikna med første kvartal i 2014, då det blei mottatt 158 søknadar (UDI 2015).

Utlendingsdirektoratet (UDI 2015) sin definisjon på *einslege mindreårige* er asylsøkjjarar og flyktingar under 18 år utan foreldre eller andre med foreldreansvar i Noreg.

Kven er dei? Kva spor frå fortida har dei på kropp og sjel?

Det som foreinar flyktingar er at dei har mista heimane sine og blitt rivne opp av sine heimlege røter. Dette skal byggjast oppatt i eksil (Varvin 2014:9) *Eksilomgrepet* stammar frå ein gammal praksis der forvisning var straff som anten kunne vere for ei kortare periode eller for alltid (Varvin 2003: 163).

Kvart individ finn si løysing avhengig av personlege føresetnadar, kulturell bakgrunn, tidlegare bakgrunn og ikkje minst korleis dei blir møtt i det nye landet (Varvin 2014:9). Denne oppgåva handlar om nettopp dette; korleis ein som sosialarbeidar kan møte denne gruppa på ein best mogleg måte. Sosialt arbeid som profesjon står sentralt i omsorga for desse borna sidan dei fleste kjem under barnevernet si omsorg når dei kjem til Noreg. Dei blir ofte buande i bustader for einsleg mindreårige flyktingar der det i stor grad arbeider sosialarbeidarar. Eg vil sjå på korleis vi som sosialarbeidarar kan hjelpe dei i gong i ein kvardag der alt er nytt og for mange opplevast som utrygt. Eg vil presentere nokre teoretiske perspektiv som kan vere viktige å ha med i arbeidet med denne gruppa menneske. Eit bakanforliggende perspektiv i

denne oppgåva vil vere eit ressursorientert fokus; eg er interessert i den indre styrken mange av desse unge flyktningane har, deira indre motor til å vere med på å klare å lykkast og å bli trygge. Eg har i oppgåva dermed valt å arbeide med fokus på det *salutogene prinsippet* i møte med desse unge, det som fremjar helse og er ein aktiv prosess der ein utviklar positiv fungering (Borge 2010: 17, Larsen 2004: 140, Heggen 2007: 75). Eg vil med dette ta utgangspunkt i *positiv psykologi*, som er bygd på ei vinkling innanfor psykologien der fokuset er retta mot mennesket si styrke, og det sentrale er den positive subjektive opplevinga av fortid, notid og framtid (Førde 2014:83). Tanken er at ved å ha dette ressursorientert fokuset, bør ein også fokusere mellom anna på teoriar bygt på resiliens, meistring og relasjonsbygging. Dette kan vere faktorar som kan bidra til å skape ein vellukka integreringsprosess. Ungdommane eg skriv om i denne oppgåva har reist frå sine aller næraste, og relasjonane som blir skapt i møte med sosialarbeidaren kan vere av stor betydning. I slutten av oppgåva vil eg drøfte denne relasjonen og i denne samanhengen vil eg løfte fram kva rolle kjærleik kan ha i sosialt arbeid.

Tema og val av problemstilling

Mitt fyrste møte med einsleg mindreårige flyktningar var i min praksis i BUP, barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk. Der fekk eg vere med å arbeide nærare med pasientar med flyktningbakgrunn. Interesse og engasjementet for denne gruppa har auka etter dette. Sosialarbeidaren kan vere eit av dei første menneska ungdommane møter når dei kjem til landet, og relasjonen som blir skapt mellom den einsleg mindreårige flyktningen og sosialarbeidaren kan spele ei viktig rolle for flyktningen sitt liv vidare. Mange av desse einsleg mindreårige flyktningane har opplevd store tap av nære tilknytings- og omsorgspersonar, familie og vener. Dei kan ha vore gjennom vonde og traumatiske opplevingar både før, undervegs og etter flukta til Noreg, noko eg vil utdjupe seinare i oppgåva.

Eg vil i den samheng sjå på ulike faktorar der eg som sosialarbeidar kan bidra til at denne gruppa kan få eit so godt liv som mogleg, trass i deira tidlegare erfaringar og opplevingar. Temaet for oppgåva vil i hovudsak vere sosialt arbeid med einsleg mindreårige flyktningar.

Med utgangspunkt i dette har eg valt fylgjande problemstilling:

Einsleg mindreårige flyktningar; Korleis kan vi som sosialarbeidarar bidra slik at livet i eksil blir starten på eit godt liv?

Sidan eg skriv om perioda etter busetnad vil eg ta utgangspunkt i einslege mindreårige flyktningar som har fått innvilga opphald. For å få litt variasjon i teksten vil eg veksle mellom omgrepa *einsleg mindreårige flyktningar* og *unge flyktningar* .

Metode og kjeldebruk

I denne oppgåva har eg nytta litteratur, fyrst og fremst sekundærdata, som metode for å belyse mi problemstilling. Fordelen med litteraturstudie er at der fins mykje litteratur om det aktuelle temaet, som vil gje eit godt grunnlag og ei god innsikt i det eg skriv om. Eg har prøvd å vere kritisk til kjeldene eg har brukt og prøvd å finne fleire for å støtte opp om dei ulike teoriene. For å få ei breiast mogleg forståing for temaet eg har valt har eg henta mest stoff frå ulike fagbøker og nokre frå artiklar på internett. Mellom anna opplysningar frå nettsidene til UDI og rapportar av Oppedal, Seglem og Jensen framstilt av Folkehelseinstituttet.

Eg har og funne doktorgradsavhandlinga til Hilde Maria Thrana «Kjærlyghet og sosialt arbeid» som ei svært interessant kjelde.

Siv Førde er utdanna sjukepleiar og har ein Master of Philosophy in Health Promotion om temaet einslege flyktningbarn. Ho har gjennom sitt yrkesaktive liv delteke aktivt i innvandrardebatten og er særleg oppteken av flyktningborna sin livssituasjon. Ho har gjeve ut boka *Tapt barndom, eller..? Barns navigering fra krenkelser og traumer mot psykisk styrke*, som er ei av dei mest sentrale kjeldene i oppgåva. Ei anna kjelde eg har henta mykje relevant kunnskap frå er Sverre Varvin si bok *Flukt og Eksil. Traume, identitet og meistring*. Varvin er psykiater og psykoanalytiker ved Psykososialt Senter for Flyktninger ved Universitetet i Oslo.

Forsking

I tidsskriftet *Psykologi* har Ingeborg Dittmann og Tine K. Jensen (2010) delt sin litteraturstudie om «Einsleg mindreårige flyktningar si psykiske helse.»

Litteraturgjennomgangen deira dokumenterar at kunnskap om denne gruppa er noko mangelfull, men der er likevel nokre relevante aspekt eg vel å ta med.

Dei skriv at studier viser at ein stor andel flyktningar har opplevd forfølgning, tortur, seksuelle krenkingar, krig, vold og tap av foreldre eller andre nære familiemedlemmar, og det er særleg barn og unge utan omsorgspersonar som har størst risiko for å bli utsatt for dette. Ei rekkje internasjonale studier har dokumentert at hendingar som krig og vald gjev dei unge ein betydeleg risiko for å utvikle alvorlege helseplager (Dittmann og Jensen 2010). Samstundes antek ein at barn som flyktar utan omsorgspersonar, tilhøyrer ei risikogruppe for utvikling av psykiske lidingar. Dei aller fleste studiane konkluderer med at einslege mindreårige flyktningar og asylsøkerar har ein auka risiko for å utvikle alvorlige psykiske plager som posttraumatisk stresslidningar, PTSD, angst og depresjon. PTSD vil eg utdjupe i eit seinare kapittel. Intervju med ei gruppe einsleg mindreårige asylsøkjarar og flyktningar viser også at i tillegg til psykiske plagar, og mykje bekymring rundt heimland og familie, var det fleire som opplyste om somatiske problem. Det blei særleg rapportert om vondt i mage og hovud og søvnavanskar. Under intervju kom det også fram at mange skulle ynskje dei hadde ein vaksen dei kunne stole på og diskutere situasjonen sin med som var fylt med problem og usikkerhet (Dittmann og Jensen 2010).

Kjærleik tilhøyrer ikkje berre privatlivet ifølge ei ny doktorgradsavhandling innanfor sosialt arbeid. Hilde Maria Thrana (2015) har i si doktorgrad «Kjærlyhet og sosialt arbeid» gjennom intervju med mellom anna ungdom og ansatte ved barnevernsinstitusjonar forska på kva betydning kjærleik har for ungdom si utvikling og vekst og korleis dette kan inngå som ein profesjonell kompetanse hos sosialarbeidaren. Meir av funn og innhald i denne doktorgradsavhandlinga vil eg ta med heilt i slutten av oppgåva.

Frå flukt til eksil

Skrekkelege bilete rullar over tv- skjermen eller går som farsottar på internett. Korleis er det for desse menneska som lever midt opp i dette, korleis klarer dei seg gjennom flukta til eit nytt liv?

Som studiane til Dittmann og Jensen (2010) viser har mange einsleg mindreårige flyktningar vore vitne til eller opplevd psykiske og fysiske belastningar som krig, overgrep og andre traumatiske hendingar før dei har kome til landet. Desse hendingane kan ha vore det som har forårsaka flukta, men også sjølve flukta har blitt forbunde med farar.

Psykisk helse hos einsleg mindreårige flyktningar kan henge saman med opplevde belastningar før flukta, under flukta og etter flukta.

For å forstå meir av dette vil eg gjere greie for kva som kan prege desse tre fasane, men i denne oppgåva vil det bli lagt mest vekt på perioden etter flukta. Det er her vi som sosialarbeidarar vil møte dei, og det er her vi kan vere med å skape ein god start på livet i eksil.

Før flukta

Det er mange grunnar til at ein må forlate heimlandet sitt, og reisa frå heimlandet kan arte seg forskjellig alt etter situasjonen som ligg til grunn. Det kan vere utløyst av positive forhold, der ein har ynskje om eit betre tilvere, eller av negative forhold (Aadnesen og Hærem 2007:84).

Det kan vere for farleg og bli i heimlandet på grunn av grove brot på menneskerettighetane, brot på fridom, likeverd og sikring av menneskeverdige livskår (Eriksen 2001: 76), anten grunna krig, forfølgjing, hungersnaud eller trugslar. Liv står i fare.

Vi kan sjå at nokre meistrar og overlever sjølv dei mest uuthaldelege forhold. Nokre menneske blir krenka og brotne ned, gong på gong, men samstundes klarar ein å halde seg fast i det minste håp. Svært mange bukkar under og nokre blir drepne. Mange av dei som overlev og kjem til Noreg ber med seg vonde minner (Varvin 2003: 44).

Alle aldersperiodar har sine utviklingsmoglegheiter og sine sårbarheter (Varvin 2003:14).

Desse einsleg mindreårige flyktningane kan vere ungdommar som er midt i ein utviklingsprosess, som i puberteten der det skjer store fysiske og psykiske endringar. Tar vi eit raskt blick på Erik H. Erikson sin utviklingsteori i boka *Psykologi* av Bunkholdt, kan vi sjå

at på dette stadiet i livet kan den einslege mindreårig flyktningen også havne i ei identitetsklemme. Desse unge på flukt vil kunne ha vanskar med å bli trygge på sin eigen identitet og kven og kva dei eigentleg er (Bunkholdt 2002: 74). Ser vi på Urie Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell kan denne fortelje oss at born og unge utviklast og sosialiseras i eit dynamisk vekselspel med ulike delar av miljøet, som betyr at dei blir påverka av hendingar og opplevingar på mikro-, meso-, ekso- og makronivå (Bunkholdt 2002: 86-87; Bunkholdt og Sandbæk 2012: 108; Heggen 2010: 66-68). Her vil og Bronfenbrenner sitt omgrep *økologiske overgongar* vere relevant, som kan minne om delar av Erikson sin teori, og betyr endringar i menneske sine livsløp (Bunkholdt 2002: 87). Korleis ein meistrar dei ulike overgangsperiodane, er altså avhengig av mange forhold, både psykologiske og sosiale. Flukta inneber eit brot med den vanlege utviklingsprosessen og er ei brå opprivning frå det ein har kjært og det ein er knytt til på godt og vondt. Flukt er eit brot i eit livsløp, og for den enkelte dreiar det seg om før og etter flukta (Varvin 2003: 14).

Under flukta

Sjølve flukta kan vere kort og relativt udramatisk, men den kan for mange også vere ei langvarig reise fylt med frykt- og for nokre kan den ende i døden (Varvin 2003: 64). Flukta er forbunda med fare som kan medføre ein særskild psykologisk tilstand der ein lyt vere årvakne over lengre periodar. Drivkrafta for mange på flukt er håpet og forventningane om å bli tatt vel i mot på ein ny, trygg stad (Varvin 2003: 64). Det å vere på flukt kan ein beteikne som å vere i «ingenmannsland». Ein person på flukt står midt i mellom det velkjente tilvere heime og den ukjente staden ein reiser mot. Den opprivande prosessen inneber mange tap. Desse tapa får flyktningar ofte ikkje nok tid til å sørge over medan flukta står på og smerta som oppstår undervegs kan bli fortrent. Varvin har dømer i boka frå mellom anna flyktningleirar der unge gutar opplevde å bli valdteke av vaktene som skulle passe på dei, og unge kvinner blei utsatt for seksuelle overgrep, mishandling, og kidnapping til prostitusjon (2003: 70-71). Flukta i seg sjølv er ei stor påkjenning og livet i eksil blir gjerne ikkje slik ein hadde førestilt seg det. Siv Førde fortel om Anne som etter ein forholdsvis trygg oppvekst, trass krig, mista foreldra

sine då ho var rundt ni år. Ein «onkel» skulle ta ho med til eit trygt land for utdanning. Første stopp på flukta var i Tyskland der ho blei haldt fangen og utsatt for grov mishandling og seksuelt misbrukt. Etter seks månadar greidde ho å stikke av. Ho fann ei kvinne med same hudfarge som seg sjølv på gata, som tok ho med som båtflyktning vidare til Noreg. Fullstendig fastlåst i angst kom ho fram til Noreg og blei plassert i eit asylmottak for einsleg mindreårige flyktningar (2014: 44-45).

Dødeligheten er som nemt også stor under flukt. Det er usikkert kor stor, men vi veit at fleire og fleire blir overlatne til menneskesmuglarar. I desse dagar kan vi sjå svært sterke bilete frå Middelhavet om smuglarbåtar med flyktningar om bord som har sunke. På NRK sine nettsider blir det nemnt at nærare 3500 flyktningar har mista livet på havet siste året (NRK 2015), og desse tala ser ut til å stige. På TV2- nyheitene blei det nyleg vist ei svært gripande reportasje frå den italienske øya Sicilia. Der fekk vi sjå 446 båtflyktningar, derav 92 born, kome i land etter ei dramatisk flukt ombord på ein smuglarbåt. Historiene til fleire av familiane, og det å sjå desse borna som endeleg var komne fram gjorde sterkt inntrykk på den norske reporteren som var svært prega under reportasjen (TV2 2015). Desse historiene kan vere med å understreke at opplevingane før ein kjem til Norge vil vere med å prege livet i eksil.

Livet i eksil

Livet i eksil representerer for mange eit rom for moglegheiter, framtid og ikkje minst fred og ro. Der er mange moglegheiter og også moglegheita for å «gå under» både fysisk og mentalt er til stades. Mange har opplevd at «når dei endeleg trur dei får fred, byrjar det å gnage i sjela.» (Varvin 2003: 63).

Når ein etter endt og relativt vellykka flukt er komne fram til målet, kan tankar og minner frå både flukt og frå livet i heimlandet dukke opp igjen. Om håpet ein har hatt på vegen skuffar kan dei gamle minnene bli enda meir forsterka (Varvin 2003: 64). Sjølv om tap og sagn av materielle forhold vil prege desse unge, er det fyrst og fremst sagn av menneskelege relasjonar som rammar borna i eksil hardast. Tankar og minner om tap kan kome fram igjen, og eit av tapa som kjem tydelegast fram i eksil er tapet av ein heim. Som Varvin seier det: «Ikkje nødvendigvis eit hus eller ein stad, men eit område der livet utfaldar seg, der ein veks opp, der måltid inntakas, der ein har nære relasjonar, og ein søv og elsker, der ein delar og har

eit forhold til sine næraste.» (2003:167-168).

I *Psykiatriboken* har Varvin blant anna skrive om sentrale faktorar som er viktige for at flyktningane skal klare seg i det nye samfunnet. Nettverk er heilt sentralt og der inngår vener og sosiale kontaktar. Han nemner også moglegheita for å fungere anten som student eller i arbeid som sentrale element. Vidare sei han kor viktig det er å finne bekrefting for sin identitet og eigenart og for dei som har vore gjennom traumatiserande hendingar er det viktig å møte anerkjenning og bli høyrte og trudd (Varvin 2010: 402).

I ein rapporten «Avhengig og Selvstendig» frå 2009 (Oppedal, Seglem og Jensen) framstilt av Folkehelseinstituttet, kom det fram at mange einsleg mindreårige flyktningar opplev kjensla av å bli dregne mellom ynskjet om å vere sjølvstendig samstundes som dei blir heilt avhengige av andre. Dei har vore gjennom prosessar i heimlandet sitt og på flukt der dei ofte har måtte klare seg på eigenhand. Dei har reist og kryssa landegrenser og nokre av dei har vore på flukt i årevis, den eine ungdomen frå rapporten hadde vore på flukt i 13 år (Oppedal, Seglem og Jensen 2009: 34). Dette gjer at fleire får kjenne på vaksenrolla allereie som born. Dette endrar seg når dei kjem til Noreg, og dei unge flyktningane blir brått avhengige av menneske rundt seg og i livet på institusjon. Dei vil so gjerne klare seg sjølv, men blir avhengige av dei trygge omsorgspersonane i det nye miljøet. Dei må til dømes ha økonomisk stønad og hjelp til å skaffe seg bustad. For å forstå og bli forstått må dei ha hjelp til å tileigne seg det nye samfunnet sitt språk og normer. Etter innvilga oppholdsløyve skal kommunen vurdere den enkelte sitt behov i forhold til hensiktsmessige butiltak (Oppedal, Seglem og Jensen 2009: 34-35). I følgje barne-, ungdoms og familiedirektoratet (2015) skal det kommunale barnevernet ha ei aktiv rolle i busetnadsarbeidet. Barne-, ungdoms- og familieetaten (2015) har ansvaret for busettinga av dei som er under 15 år, og det overordna målet er å busette dei unge flyktningane i rett kommune, med rett tiltak innan tre månadar etter vedtak om opphald. Dette kan vere ein prosess med mykje venting og det har vore diskusjonar på om kommunane bør påleggast å busetje flyktningar. Mange av flyktningane blir plasserte i kommunar langt vekk eller stadar dei helst ikkje har ynskja å vere på (Eriksen 2001: 196).

Etter ei tid kan altså dei unge flyktningane oppleve at livet i det nye landet er vanskeleg. Migrasjonen kan for nokre ha medført rolle- og identitetsendring og statustap, og ein opplev å kome til kort kulturelt og sosialt (Aadnese og Hæram 2007: 85-86).

Ein kan undervegs i til dømes flukta bli definert som hjelpelaus, ei inntektskjelde for menneskesmuglarar eller som framand og ikkje ynskja dit ein kjem (Varvin 2003: 72).

Aadnesen og Hærem (2007: 86) nemner Mohammed som eit døme. Han er kjent som son av ein av byen sine slaktarar og general i militæret i heimlandet, medan han i Noreg blir omtala som den arbeidslause, vanskelege flyktingen.

Kultur møtet- tilpasning til det norske samfunn

Det er menneske, og ikkje kulturar, som møtast når dei unge flyktingane kryssar landegrensene, difor bør for integrasjonen mellom menneske frå ulike kulturar i hovudsak vere å etablere kulturelle fellesnemnarar og ikkje fullstendige likheit (Eriksen 2001: 65). Integreringsprosessen startar i tida etter at den einslege mindreårige flyktingen er busett, og sosialarbeidaren bør ha kunnskap om denne prosessen. Det er norsk innvandringspolitikk at innvandrarar skal *integrerast* i det norske samfunn. Dei skal vere ein del av heilheten. Dette betyr at dei skal tilpasse seg norske normer og verdiar, men på ein slik måte at dei framleis skal ha moglegheit til å dyrke og bevare kulturelle særpreg som til dømes språk og religion (Kjelsaas 2009: 64; Skorstad 2011: 225-226).

Eriksen påpeikar at sjølv om det er viktig å vite mest mogleg om den unge flyktingen si fortid, frå heimland og flukt, er det også viktig at vi som sosialarbeidarar forsøk å setja oss inn i kulturen til dei ulike flyktingane. Dette for å få ein meir heilheitleg forståing av kven dei er. For oss kan det vere vanleg å tolke det vi ser *etnosentrisk*, utifrå våre eigne verdiar og målestokkar. Dette kan gje oss noko forvrengte bilete på korleis ting faktisk er, samstundes som det er naudsynt å vurdere andre ut ifrå eins eigne verdiar- men at det vil vere mogleg å endre syn dersom ein forstår den andre. Eit hjelpemiddel, fortset Eriksen, til forståing av andre kulturar kan vere den kulturellevistiske tankegangen som viser at alt mennesket gjer må forståast i sin eigen samanheng (2001: 66-67). For å forstå kva som står på spel når ulike kulturar møtast kan ein trekke inn omgrepet *etnisitet*, som kort fortalt betyr opplevde kulturulikheiter som kan trekkast inn i samhandlinga. For nokre er tilhøyrigheta til si etniske gruppe svært viktig og frykta for å bli utstøytt kan vere stor (Aambø 2011: 267).

Det er dessverre slik at våre haldningar til innvandrarar og flyktingar ofte er prega av ambivalens og mistillit. Framandfrykt kan også vere eit dekkande ord.

Eriksen viser til undersøkingar i boka der det tyder på at 70 % av den norske befolkninga har svært lite kontakt med innvandrarane, medan dei likevel har klare meiningar om til dømes deira livsstil og korleis dei ter seg i det norske samfunn. Vi gjer oss opp forhandsbestemte meiningar, forhandsdømmer og generaliserar (2001: 68).

Som flyktning vil altså mange oppleve å bli ramma av traumatiske hendingar. For å stå betre rusta i møte med dei ulike flyktningane er det viktig for sosialarbeidaren å setja seg inn i mellom anna traumereaksjonar og posttraumatisk stresslidning.

Traumer og PTSD

Kva er eit psykisk traume?

Med *psykisk traume* meinast overveldande, ukontrollerbare hendingar som inneber alvorlege psykiske påkjenningar og er forårsaka av hendingar som blir opplevd som svært farlege (Varvin 2003:109). Omgrepet kjem opprinneleg frå medisinen omtalt som skadar, forårsaka av vald, på kroppen sine vev eller organ. Omgrepet har etter kvart blitt overført til psykologien der det omtalast som skade på «det mentale vevet» (Varvin 2003: 113).

Traumene kan lagrast som sanseopplevingar og kan ofte kome fram under innsovningsfase, medan ein søv eller når ein minst anar det. Ulike lydar, lukter, bilete og samtaleemne kan framkalle traumer i etterkant (Aadnesen og Hærem 2007: 92).

Posttraumatisk stressforstyrning, PTSD, er ein reaksjon på ei belastande livshending eller ein situasjon av usedvanleg truande eller katastrofal art, som mest sannsynleg ville framkalle sterke ubehag hos dei fleste. Vidare spesifiserer diagnosekriteria fenomen som ufrivillig tilbakevendande minne («flashbacks»), mareritt, uro og innsnevring av merksemd og tilbaketrekking. Symptoma kan til tider vere så dramatiske at det oppstår eit uklart diagnostisk grenseland mot ustabil personlegdomsforstyrning (Varvin 2013: 411-412).

Traumeangst oppstår når ein person psykisk sett blir fullstendig overvelda, slik vi ofte ser det hos personar som er blitt utsett for belastande livshendingar (Skårderud, Haugsgjerd og Stanicke 2013: 295).

Ekstrem traumatisering inneber altså eit brot i ein person sin utviklingsprosess. Det var eit liv før, so kom traumatiseringa og så vart alt forandra.

I boka «Flukt og Eksil» er det å sjå på alle fasar og overgangar i livet som delar av ein utviklings- og vekstprosess eit sentralt perspektiv. Det er viktig å utforske korleis utviklinga blir påverka av eksil og traumatisering, kva forhold som verkar positivt og kva som hemmar (Varvin 2012: 77).

Traumatiserende hendinger fortønar seg ofte som «sår i sjela» (Varvin 2003: 109). Det er sår som ikkje er hela og som vil påverke tilvære til den traumatiserte.

I boka til Varvin får vi møte Hassan, ein traumatisert gut som fortalte at han levde i tre verda. I den fyrste verda levde han i minner frå barndomen, eit idealisert bilete frå ei tid der han følte seg trygg, men som i realiteten både var utrygg og ustabil. Denne delen av si indre verd brukte han som ein retritt når ting blei for vanskeleg. I andre, og den mest dominerande måten og oppleve verda på, delen av hans indre, verd herska fengselet og forfylginga sin tortur. Han såg for seg torturistane og følte seg konstant utrygg og redd for å bli drepen. Han fekk ikkje sove sidan han heile tida blei heimsøkt av dei indre bileta frå torturkammeret. Den tredje verda, var kvardagsverda- eit svært begrensa område der han kunne føle seg normal, ordne sine naudsynte gjeremål og møte vener (2014: 78).

For å betre livet sitt, fortel Varvin, måtte Hassan gå i psykoterapi over fleire år, men dei fryktelege minnene ville aldri forlate han og kunne kome tilbake å dominere hans opplevingsverd, særleg om det kom dårlege nyheiter frå heimlandet (2014:78).

Når vi som sosialarbeidarar skal ta i mot unge, som til dømes Hassan må vi prøve å forstå situasjonane dei er i. Ein kan sjå på tilstanden som ein psykisk sjukdom som fylgje av alvorlig traumatisering, eller ein kan sjå på hans måte å organisere si opplevingsverd som uttrykk for ei mental eller psykisk overlevingsstrategi. Utfordringa som hjelpar her er korleis yte den beste hjelpa. Det som ofte skal vere den beste hjelpa, nærkontakt og emosjonell støtte kan nemleg samstundes virke trugande og farleg. Behandling og sosial rehabilitering må arbeide for å kunne utvide området for kjenslemessig nærleik til andre menneske. Eit mål er å finne den best mulige balansen mellom evne til kjenslemessig nærleik og det store behovet for ivaretaking av eit sjølv som kan fortsette å vere sårbart (Varvin 2014: 79-80).

Dette er viktig for at vi som sosialarbeidarar skal kunne forstå kva dei ulike einsleg mindreårige flyktningane har vore utsatt for og kva dei ulike traumene kan gjere med den einskilde. På den måten veit ein korleis ein skal handle når ulike traumerelaterte situasjonar oppstår. Her vil eg kort trekke inn modellen *traumebevisst omsorg*, TBO, som har vist seg å vere svært effektiv i møte med desse traumatiserte borna. Her er formåla er å gjere omsorgspersonar i betre stand til å møte borna med anerkjenning og respekt. Grunnpillarane i TBO er trygghet, relasjon og kjensleregulering og samsvarar med nokre av dei mest sentrale omgrepa i sosialt arbeid (Jørgensen og Steinkopf 2013: 1-5).

Der er også ytterpunkt når det kjem til fluktkarrierer. I ei viss forstand finnast det like mange flyktningkarrierer som det fins flyktningar (Varvin 2003: 69). Det betyr også at nokre taklar opplevingar og traumer på ulikt vis. Eit døme på det er *posttraumatisk vekst*.

Posttraumatisk vekst

Det har vore mykje fokus på negative konsekvensar etter flukt, men det er og viktig å få med at ikkje alle som har vore utsette for slike traumar berre har opplevd det som negativt.

Traumatiske opplevingar kan også paradoksalt nok medføre positive psykologiske endringar for nokre. Endringane kan vere auka personleg styrke, betre relasjonar til andre menneske, eller nye prioriteringar i livet. Dette blir kalla *posttraumatisk vekst*.

Gertrud Sofie Hafstad og Johan Sigveland (2008) skriv i artikkelen «Posttraumatisk vekst: Eit meir heilhetlig posttraumatisk tilpasning» at posttraumatisk vekst, PTG, kan beskrivast som positivt opplevde personlege endringar knytt til det å ha opplevd ei traumatisk hending. Dei skriv vidare at endringane kan vere mellom anna auka personleg styrke, betre relasjonar til andre menneske, nye prioriteringar i livet, eller ei ny og djupare mening i livet. Det positive fokuset er ikkje ei bagatellisering av dei vanskane mange kan erfare, men det kan supplere den eksisterande tenkinga om menneske si posttraumatiske tilpasning. Hafstad og Sigveland (2008) påpeikar vidare kor viktig det er å kartlegge og forstå dei negative konsekvensane traumatiske opplevingar og tap kan medføre. Utgangspunktet som har blitt brukt for å forske på positive endringar er nettopp det at hendingar som har negative konsekvensar for så mange, også kan gi grobott for vekst og personleg utvikling. For ein del einsleg mindreårige flyktningar kan det å i det heile tatt klare å gjennomføre flukta vere ein prestasjon og bli eit symbol på den styrken dette unge mennesket kan ha i seg (Hafstad og Sigveland 2008).

Overlevelsstrategiar

I boka til Varvin (2003: 80) kan vi også følgje historia til Nadja og døme på korleis traumet sette spor på sjela og korleis overlevelsstrategiar kan slå inn. Ho fortel korleis minnene av traumet frå fengsel strøymde på då ho tok toget gjennom ein tunnel. Ho fekk pustevanskar, svimlebyger og måtte kome seg ut av toget på neste stopp. Dette kallast ein *dissosiativ* tilstand der traume blir noko uhyggeleg tilstedeverande som dukkar opp i daglegdagse situasjonar og som kan forandre korleis verda opplevast. Minner om den traumatiske hendinga kan bli

aktivert av indre eller ytre stimuli, og det er ein hyppig måte å forsvare seg på i den posttraumatiske fasa (Varvin 2014: 83; Evang 2012: 237).

Dette er ein overlevelsesstrategi som også inntreffer under den traumatiske hendinga. Det omtalast som om å ha ein «ut av kroppen-oppleving» (Varvin 2003: 121), der ein ser seg sjølv utanfrå og på den måten blir splitta i to. Dette blir ein slags overlevelsesmekanisme og ein måte å meistre den belastande situasjonen på.

Om den dissociative tilstanden kan forandrast med tida og om behandling faktisk hjalp skriv Varvin at det finnast lite behandlingsstudiar for ekstremt traumatiserte flyktningar, og at nokre studiar viser at det kan vere dårlege prognoser for mange av dei som er hardast ramma.

Klinisk erfaring og forskning på enkelttilfeller har vist at slike tilstandar kan betrast med fleire behandlingstilnærmingar som til dømes kognitiv terapi, familiebehandling og gruppebehandling. Dette krev samordning av ulike tiltak, der sosial rehabilitering, behandling av somatiske plager, fysioterapi og medikamentell behandling må gå hand i hand med psykoterapeutiske metodar (Varvin 2014: 80-81).

Førde (2014: 41-43) let oss bli kjent med historia til Richard. Ein sosial, nysgjerrig og aktiv gut frå Afrika, eldst i ein syskenflokk på fire. Hans familie kom opprinneleg frå ein rik storfamilie, men blei ikkje akseptert av denne sidan foreldra hans gifta seg mot storfamilien sin vilje. Han fortel om ein barndom prega av ein alkoholisert far, og ei psykisk sjuk mor der kvardagen igjen blei prega av vald. Richard hadde ein varm omsorg for sine yngre sysken og passa på desse samstundes som han fekk rolla som «fredsmeklar». Faren stakk av då Richard var 6-7 år og Richard blei sendt i fosterheim til eit liv med enda meir vald enn tidlegare. Han hamna etter kvart på gata der han opplevde fleire utfordrande opplevingar, meir vald og overgrep som nokre gongar kunne sette han i livsfare.

Flyktningar er sårbare menneske, men dei er også overlevandar og overlevaren utviklar mentale overlevelsesstrategiar for å unngå indre smerte og det å klare det mest naudsynte blir viktigast (Varvin 2014: 16). Ser vi på Richard så fann han rolla som fredsmeklar og tok den beskyttande rolla ovanfor småsyskena sine. Han har fortalt at han klarte å vere «sterk» fordi han fann eigne måtar og beskytte seg på, og dette blei hans overlevingsstrategiar. Til dømes når han beskytta syskena mot slag frå mora, på same måten som han fann strategiar han brukte for å redde seg sjølv i livet på gata. Richard har fortalt at han alltid leitte etter unnskyldningar og positive forklaringar på opplevingane, og kva som fekk foreldra til å oppføre seg som dei gjorde. Han opplevde ei sterk indre og motorisk uro i dei fyrste leveåra,

noko han kompenserte for utryggheten ved å forhandle med seg sjølv og omgivnadane. Barn som har hatt det slik som Richard, og levd under kontinuerlege valdstilstandar, utviklar ofte ei oppleving av å ha eit sjølvstendig ansvar for å avverje katastrofar og gjenetablere fred på ulike måtar. Avverje farlege konflikhtar kan gjerast på mange måtar, og Richard sin måte var å avlede foreldra si merkesemd med ulike spillopper. Andre mestringsstrategiar Richard brukte var «nytta» han hadde av at kroppen ofte blei sett i alarmberedskap og stresshormona auka på grunn av ytre farar. Når slike situasjonar vedvarer vil det føre til ein konstant forhøgning av stresshormon som igjen fører til at det er vanskeleg for å felle til ro. Dette var hans stressmeistringsevne (Førde 2014: 42).

Nokre av dei unge einslege som er på flukt vil oppleve å mestre situasjonen trass i traumatiske opplevingar undervegs. Dette vært kalla resiliens, noko eg vil kome nærare inn på i neste avsnitt.

Resiliens og meistring

Sjølv om dei fleste av dei einsleg mindreårige flyktningane som kjem til Noreg har ei traumatisk fortid, ser vi at der alltid er nokre som klarar seg betre enn andre. Resiliens handlar om å fungere normalt under unormale forhold og kjem til syne hos born som viser god tilpassing trass kriser og trugande omgivingar (Borge 2012: 11-12). Trass same opplevingar, traumar og nesten utrulege flukthistorier ser vi igjen desse borna som i daglegtala kan kallast *løvetannborna*. Vi finn fleire slike motstandsdyktige barn i film- og skjønnlitteraturen. Harry Potter, Pippi Langstrømpe og Forrest Gump er døme på born som kan kallast løvetannborn, som kan seiast å vere borna som slepp unna fylgjene av ein vanskeleg oppvekst. Ein kan og sei at løvetannborn er risikoborn som tek i bruk ulike eigenskapar i sitt miljø (Borge 2012: 14-15). Vidare kan døme på dette vere born som veks opp under vald og alkoholsmisbruk i heimar der eldre sysken tek seg av dei yngre borna, slik som Richard.

I kva grad ei løvetann blomstrar kjem an på mange faktorar. Det kan kome an på til dømes jordsmonn, gjødsel, sol og regn. Likeeins veit vi at det er mange forhold som må til for at barn under påkjenningar skal friskne til og auke si mesitringssevne. Med ros og oppmuntring kan risikoborn tore og møte nye påkjenningar og farar med ny styrke (Borge 2012: 15).

I byrjinga av boka til Borge skriv ho at meir enn halvparten av alle born som blir eksponerte for risiko og stress, ikkje utviklar alvorlege psykiske problem og det er ein allmenn observasjon at nesten annakvart born som lev under vanskelege oppvekstkår, likevel klarar seg fint gjennom livet (2012: 11).

Både Borge og Heggen skriv om sosialpsykologen Butter som definerer resiliens slik: «Resiliens er prosessar som gjer at utviklinga når eit tilfredsstillande resultat, trass i at born har hatt erfaringar med situasjonar som inneber ein relativt stor risiko for å utvikle problem eller avvik.» (Heggen 2007: 77; Borge 2012: 14).

Resiliens er avhengig av samhandlinga med omgivingane, og dei betingingane som dei einsleg mindreårige flyktningane blir bodne kan vere heilt avgjerande for korleis det går med dei vidare (Varvin 2013: 405).

Borge påpeikar at kunnskap om resiliens og innsikt i reaksjonsmåtar hos risikobarn med ein tilfredsstillende utvikling, kan bli til hjelp for risikobarn som ikkje har ei slik utvikling. Vidare understrekar Borge at barnet ikkje skapar resiliens ved å unngå problem, men ei passeleg dose risiko er ei naudsynt forutsetning for å utvikle resiliens (2012: 12). Uansett

kulturforskjell bør barn sine teikn på resiliens stimulerast når dei fyrste gong møter stress, risiko og motgang. Dette vil styrke sjølvbilete, som igjen vil ligge til grunn når barna møter nye utfordringar (Borge 2012: 25). Borge påpeikar vidare at risikobarn må lære å meistre daglege krav og rutinar for å styrke sjølvkjensla og sjølvbilete (2012: 36). *Risikofaktorar* er faktorar som kan auke risikoen for utvikling av psykiske vanskar (Borge 2012: 50).

Situasjonar der fleire slike risikofaktorar opptrer på same tid kallast *kumulativ risiko* (Borge 2012: 59) og einslege mindreårige flyktningar ber på ein slik kumulativ risiko.

«Under katastrofer og krig er ingenting viktigare for borna enn støtte frå familie og velfungerande foreldre» skriv Borge (2012: 137).

Einslege mindreårige flyktningar kjem til landet utan desse viktige familiemedlemmane og *beskyttelsesfaktorar* hos denne gruppa kan vere jamnaldringar, vener eller vaksne som kan stimulere den unge flyktningen til å meistre kvardagen. Slike beskyttelsesfaktorar styrker også moglegheitane for at barn ikkje utviklar psykiske problem (Borge 2010: 24). Andre beskyttelsesfaktorar kan mellom anna vere rimeleg høg intelligens, god kommunikasjonsevne, evna til å engasjere andre i meiningsfulle relasjonar og evne til sjølvregulering (Varvin 2013: 404).

Borge (2012) trekk fram Werner og Smith si undersøking på Hawaii, på side 22-24 i boka. I meir enn 40 år studerar samspelet mellom born sin oppvekst og miljørisiko gjennom barndomen. Målet var å finne ut kva som karakteriserar dei av risikobarna og familiane som mot all sannsynlegheit likevel greidde seg bra. Det som skilte dei resiliente barna frå dei ikkje-resiliente var at dei hadde normal intelligens, var sjarmerande og tiltrakk seg positive reaksjonar frå foreldre og andre. Vidare knytta desse barna kjenslemessige band til dei næraste, og dei hadde eit ytre støtteapparat som mellom anna skule eller kyrkje. Dette viser kor viktig det er å ha sosiale relasjonar for ei resilient utvikling også hos dei einsleg mindreårige flyktningane.

Teori rundt resiliens viser også at ein viktig beskyttelsesfaktor er kjensla av å *meistre*.

Dersom vi som sosialarbeidarar kan klare å hjelpe desse unge flyktningane til å meistre til dømes sosiale ferdigheter vil dette kunne ha ein resiliensfremjande effekt. Meistring, eller på engelsk coping, er blitt meir og meir populært og kan minne om resiliens, men det er to nokså ulike omgrep, sjølv om resiliens også kan kallast positiv meistring. Meistring er i større grad enn resiliens basert på læring (Borge 2010: 16).

Meistring handlar om å greie noko på eigenhand, takle stress, påkjenningar eller kriser og om å ha tilgang på ressursar som kunnskap, ferdigheter og hjelparar og evna til å utnytte desse

ressursane for eit godt resultat. Behovet for meistring kan oppstå når ein blir utsett for ei stor påkjenning (Heggen 2010: 64-65).

Kåre Heggen nemner i boka “Meistring og myndiggjering” Antonovsky som meiner at det i vår kultur er for mykje fokus retta mot *patogonese*, sjukdom sine orsaker. Dette kan innsnevre moglegheit for meistring, og han meiner ein heller burde sjå på det *salutogene perspektivet*, der ein fokuserar på det friske- kva skal til for å unngå stressfaktoren og som dermed fremjar god helse? (2007: 75-76). Nokre menneske meistrar stress og kriser betre enn andre og Antonovsky seier at det i tillegg til betingingar som arv og miljø beror på individet si oppleving av tilværet som forståeleg, handterbart og meiningsfullt. Dette har han kalla *sense of coherence*- ei oppleving av samanheng. Antonovsky har og påpeika at pasientar som har ressursar og ei grunnhaldning som er ei oppleving av samanheng, har eit betre grunnlag for å meistre stressfaktorar og kriser (Heggen 2007: 76- 77; Larsen 2004: 140).

Ei viktig målsetning i arbeidet med barn og unge vil altså vere at ein i staden for å ha fokus på kva som skapar problem og kriser, bør ein heller studere kva faktorar som er viktige for at ting faktisk går bra. For sosialarbeidaren vil det vere viktig å ha denne kunnskapen om kva som skapar god utvikling, framfor å fokusere på det problemskapande (Heggen 2007: 77).

Sosialt arbeid er ein kontekstavhengig aktivitet som har som mål å få til endring hos enkeltindivid, grupper eller forhold i samfunnet og *relasjonen* er eit viktig verktøy i dette endringsarbeidet (Aamodt 2014: 41).

Relasjonelt sosialt arbeid

For traumatiserte einselg mindreårige flyktningar vil hovudbehandlinga ofte vere psykoterapi og psykologar og andre i førstelinjetjenesta vil ha ein veldig viktig funksjon (Napha 2014). Her er det også svært viktig med samarbeid på tvers av profesjonane, og det sosialfaglege arbeidet er ofte ein del av dette tverrfaglege samarbeidet. For unge flyktningar med samansette problem er dei overordna måla til blant anna sosialarbeidaren å hjelpe dei med å gjenvinne verdighet og sjølvrespekt, bli tryggare på andre menneske og seg sjøve, meistre dagleglivet og si eiga historie og gjenvinne mening og samanheng (Skårderud, Haugsgjerd og Stanicke 2013: 406).

I boka «Hva er sosialt arbeid?» viser forfattar Levin til Den internasjonale sosialarbeidarorganisasjonen, IFSW, sin definisjon av sosialt arbeid. Ho skriv at sosialt arbeid er eit praktisk og samfunnsorientert prosjekt der formålet er å framme likeverd og respekt, og bidra til at menneske blir møtt på sine behov og får brukt sine ressursar (2004:10). Sosialt arbeid handlar i denne oppgåva i høgste grad om å arbeide saman med den einsleg mindreårige flyktingen for å fremje den unge sine livsmoglegheitar. Om ein lykkast i utøvinga av faget, kjem an på om arbeidet med den unge flyktingen er vellukkka (Eide og Skorstad 2011: 35).

Levin påpeikar at; «yrkesgruppa sin identitet er knytt til solidaritet *med* utsette grupper, *mot* fattigdom og *for* sosial rettferdighet» (2004: 10). Dessutan bør etiske problemstillingar som kjem fram i den etiske dømmekrafta, moralen og standarden gjennomsyre arbeidet som blir utført innanfor sosialt arbeid.

Etisk klokskap og eit bevisst profesjonelt forhold til eigne motiv og verdiar er naudsynt for å vise respekt, openheit, tillit og omsorg. Sosialarbeidaren arbeider med relasjonen som handlingsverktøy for å framme endring (Levin 2004: 87).

Eit sentralt prinsipp i sosialt arbeid er «å starte der klienten er» (Levin 2004: 80). Dette handlar om respekt for den andre ved å prøve å sette seg inn i den andre sin plass. Dette er ei svært viktig oppgåve i arbeidet med einsleg mindreårige flyktingar, der ein må setje seg inn i den unge flyktingen sin kultur og historie. Levin påpeikar at sosialarbeidaren aldri kan sette seg heilt og fullt inn i den andre sin situasjon, men det sentrale er at den unge flyktingen får ei oppleving av å bli forstått (2002:80) Søren Kierkegaard som også var opptatt av dette, skriv Levin, ordla seg slik; «Ein skal ikkje berre prøve å sette seg i den andre sin stad; ein skal prøve å forstå meir enn han eller ho. I det ligg både audmjukhet og respekt for den andre» (2003: 81).

Varvin meiner at i møte med unge flyktingar handlar det heilt grunnleggande om anerkjenning og om å gjenvinne respekta som menneske (2003: 235).

Laila Granli Aamodt skriv i boka *Den gode relasjonen* at omgrepet relasjon alltid har vore eit kjerneomgrep i sosialt arbeid (2014: 37). Det er ein allmenn einighet om at ein god relasjon mellom hjelpar og hjelpsøkjjar er nøkkelen til framgang i ein hjelpeprosess (Aamodt 2014: 40). Aamodt meiner det handlar om å vere lyttande til den som treng hjelp, og som nemnt møte den enkelte der den er. Ho fortset med at det er viktig å bistå i forbindelse med individuelle problem, vere merksam på eigne kjensler og avgrensingar samstundes som ein er merksam på den hjelpesøkjande sin måte å reagere på hjelpa på og vere open for

tilbakemeldingar (2014: 40). I relasjonen skapast *motivasjon*, som blir, i form av tid, gode rammar for samtalar og ho påpeikar at om ein skal ha håp om å kome i ein hjelpeposisjon til mellom anna unge flyktingar gjennom relasjonsbygging er det viktig å ha ei akseptierende og ikkje-dømmende haldning (2014: 40-41). «Først då er det håp om å skape den naudsynte tryggleiken som kan opne opp for å snakke om vonde tankar, dårlege erfaringar og ikkje minst formidle smerte, lengslar, håp og ynskjer» (Aamodt 2014: 41).

Sosialt arbeid er ein kontekstavhengig aktivitet der målet er å skape endring hos individa. Dette skjer gjennom systematiske og målretta arbeidsmetodar og det er ei føresetnad at arbeidet skjer gjennom ein relasjon til dei vi arbeidar med (Aamodt 2014: 41).

Å klare å byggje ein relasjon til den einsleg mindreårige flyktingen ein skal arbeide med står altså heilt sentralt i sosialt arbeid. Det er viktig at sosialarbeidaren trår varsamt og er audmjuk i dette arbeidet med å skape gjensidig tillit.

Aamodt (2014: kapittel 6) trekk fram aktiv lytting, empati, respekt, tillit og kjærleik som nokre av dei mest sentrale omgrepa i sosialt arbeid. Sistnemnde, kjærleik, omtalar ho som eit stort og svulstig ord som kan vere vanskeleg å bruke. Ho vel likevel å ta det med fordi ho meiner det har eit innhald som kan gjere ein avgjerande forskjell i sosialt arbeid, samstundes som omgrepet favnar dei kvalitetane ho legg i «den gode relasjonen» (Aamodt 2014: 71).

Drøfting

Både tida i heimlandet, på flukt og det nye livet i eksil vil vere med å prege den enkelte sin integreringsprosess. Her vil vi som sosialarbeidarar ofte ha ei svært sentral rolle og det er difor naudsynt at vi brukar vår faglege kompetanse til å hjelpe desse einslege mindreårige flyktingane i overgangen til det «nye» livet.

Menneske har eit grunnleggjande behov for å ha nære relasjonar til andre menneske. Vi ser at mange av dei einsleg mindreårige som er komne til landet har uttrykt sagn etter nære omsorgspersonar, og kunne trenge ein vaksen å snakke med. Som vi har sett i oppgåva er ein sentral beskyttelsesfaktor det å ha minst ein nær vaksenperson som bryr seg. Sosialarbeidaren er ofte denne nære vaksne.

Den *signifikante andre* er personane rundt oss som er viktige i danninga av konstruksjonen av identiteten (Heggen 2004: 132).

Sosialarbeidaren- som den signifikante andre

Som vi har nemnt tidlegare i oppgåva vil dei einslege mindreårige flyktningane sine liv i eksil vere prega av tap og sagn. Oppedal Seglem og Jensen (2011) skriv i ein annan rapport framstilt av Folkehelseinstituttet at det fyrst og fremst er sagn av menneskelege relasjonar som rammar dei unge flyktningane hardast (Oppedal, Seglem og Jensen 2011: 23).

Einsleg mindreårige flyktningar er ei sårbar og utsatt gruppe, som står ovanfor ei stor utfordring når dei skal tilpasse seg eit liv i eit framand land og mangelen på nære eller viktige andre hos desse unge flyktningane er altså openbar. Denne gruppa har brote alle band med sine tidlegare nære relasjonar, og å etablere nye relasjonar til fortrulige trygge vaksne kan vere avgjerande når den unge flyktningen seinare skal stå på egne bein.

Ser vi på rapporten «Avhengig og Selvstendig» igjen viser det seg at ungdom som har nær relasjon til eit vakse familiemedlem, har sterkare tillit til denne enn til ein vaksen ansatt i til dømes flyktningtjenesta. Det er viktig for dei å ha nære tilknytningspersonar, samstundes som dei er bekymra for å bli forletne av desse (Oppedal, Seglem og Jensen 2009: 22-23). På bakgrunn av dette har vi som sosialarbeidarar ei stor utfordring i det å skape tillit og ein relasjon som dei unge flyktningane kan tillate seg å sjå på som trygg og ekte. Traumane dei har opplevd tidlegare i livet kan ha satt varige sår i sjela. Dei kan ha opplevd å blitt svika av vaksne dei trudde dei kunne stole på, noko som har vore med på å gjere dei svært skeptiske (Varvin 2003: 72).

Det er viktig i arbeidet med dei einsleg mindreårige flyktningane at sosialarbeidaren har tilstrekkeleg kunnskap om borna sin bakgrunn, historie og situasjon, likeins om den arenaen borna sine liv utspelar seg på. For oss som er oppvaksne i trygge Noreg er erfaringsbakgrunnen til einslege flyktningborn ofte svært framand for oss. Førde fortel om born og unge som har opplevd å ikkje bli trudd, fordi hjelparane har sett på det som svært usannsynleg enkelte traumatiske situasjonar dei har vore utsette for. Nokre har blitt kalla notoriske løgnarar og bråkmakarar, og blitt anklaga for å fantasere (Førde 2014: 31). For at profesjonelle hjelparar skal vere i stand til å forstå borna sin situasjon og kunne gjennomføre tilrettelegging av forholda for beiring av helsesituasjonen til einslege flyktningborn, er det naudsynt å forstå korleis samfunnet fungerer for denne gruppa. Dei unge har fortalt kor viktig det har vore med hjelparar som har hatt ekte engasjement for kvart individ dei har arbeida med. Hjartevarmen og relasjonen i samhandlinga har vor viktig for uthaldenhet og styrke. I møte med einslege mindreårige flyktningar som har opplevd traumar i store delar i livet, kan

kvardagen, sjølv om det er i Noreg, vere prega av søvnproblem, sorg, sagn, psykiske og somatiske smerter. Dette kan skuldast fleire ting, og som vi såg tidlegare i oppgåva kan mange av dei traumatiserte, av dei rundt seg, opplevast som vanskelege. Dei kan streve med sinne og irritasjon, med å stole på andre og på grunn av tidlegare erfaringar tru at dei blir lurt eller at andre rundt vil svikte dei.

Dei unge flyktningane har sjølv fortalt at dei vaksne ofte har møtt deira uttaggerande atferd som om dei skulle vere «umoglege og uoppdragne».

«Tahir hadde forsøkt fleire gongar å ringe til sin sosialkonsulent, og når han til slutt kom fram, blei han møtt med ei uvennleg avvisning og beskjed om å ringe igjen neste veke. Han blei fortvila og ropa og gret i telefonen. Røyret blei lagt på. Tahir oppførde seg då heilt ifylgje konsulentens sitt bilete av han, og hennar bilete av han og andre flyktningar som urimeleg krevjande og masete blei bekrefta.» (Varvin 2003: 189).

Det er ofte stor mangel på faglærde miljøarbeidarar, som sosialarbeidarar, og det blir ofte tydd til rimelegare løysningar som assistentar utan reel praksiserfaring og kompetanse eller erfaring med born frå andre kulturar utan nære, vaksne omsorgspersonar. Mange av dei nye, unge flyktningane som kjem til landet er prega av si sterke historie. I tillegg vil starten vere prega av frustrasjon i møte med ein ny kultur og eit nytt språk. Det å bli forstått og gjere seg forstått byr på store utfordringar (Førde 2014: 63). Då kan det kjennast trygt å bli møtt av ein sosialarbeidar som har forståing og tilstrekkeleg kunnskap om deira opplevingar. Kunnskap vi som sosialarbeidarar bør tileigne oss for å prøve å vere delaktige i ein integreringsprosess er kjennskap til kulturar, helseomsorg, barneoppdraging og ulike måtar familiane har vore organiserte på. For å kunne oppdage og forstå samanhengar i andre menneske sine liv lyt ein ha kunnskap frå fleire sider av liva deira. Dette er basiskunnskap som kan gje kunnskap om kontekst som er naudsynt og blir først og fremst eit grunnlag for dialog med dei einslege mindreårige flyktningane. Det kan vere eit godt utgangspunkt å ha kunnskap iform av litteratur, historiebøker eller tidsskrifter for å tileigne seg enda meir kunnskap gjennom samtaler og møter med andre menneske. Ved å vite noko om deira bakgrunn viser ein interesse for vedkomande og deira situasjon. Dette kan vere svært vesentleg for eit gjensidig tillitsforhold som er bra.

Kva har kvar einskild ungdom i seg som vi kan byggje vidare på?

Eg har i oppgåva nemnt fleire forfattarar som har skrive om Antonovskiy og omgrepet hans, *scence of coherence*. For born og unge som har hatt sterke brot i liva sine og vore utsatt for sterke traumer vil det nok opplevast som vanskeleg å sjå for seg verken ei meining eller ein

samanheng. Sjølv om dette vil kunne ta tid er det viktig at sosialarbeidaren set seg inn i livshistoria til den unge flyktningen. Då kan bli enklare for begge partar og sjå situasjonen slik den faktisk er. Vi skal saman med kvar einskild einsleg mindreårige flyktning arbeide målretta, der vi startar med å setja oss inn i deira situasjon. Ein viktig del av arbeidet er å jobbe med å få ein god relasjon slik at ein sakte, men sikkert kan byggja opp att det som ein gong var. Å skape tryggleik og anerkjenne den unge flyktningen for det den enkelte er vil vere med på å framkalle ibuande ressursar den einsleg mindreårige har med frå heimlandet. Samstundes vil det løfte sjølvkjensla å klare å meistre sosiale og kulturelle kodar som gjer at ein kan få innpass i ei sosial gruppe.

Livet i eksil; korleis gjekk det med Anne og Richard?

Eg har nemnt Richard og Anne tidlegare i oppgåva. Eg vil kort fortelje korleis deira ulike skjebne vart i eksil. Dette kan vere med på å vise korleis utfallet kan bli om ein får, eller ikkje får den omsorga og hjelpa ein har behov for når ein kjem til landet som einsleg mindreårig flyktning. Samstundes er hensikta å synleggjere eventuelle risiko- og beskyttelsesfaktorar for utvikling av resiliens i desse to personane sine liv.

Anne som kom til landet som 13-åring fekk relativt tidleg opphaldsløyve og hadde eit trygt miljø beståande av psykolog, andre profesjonelle fagfolk og trufaste støttespelarar rundt seg. Ho tok etter kvart sjukepleiarutdanning og fekk seg ein god jobb. Ho er i dag ei harmonisk og sprudlande dame, sjølv om minna frå krig og flukt framleis vil vere til stades. Som svar på kvifor ho har greidd seg så bra trekk ho fram viktigheten av støtta frå menneska rundt seg. Dette har vore psykoterapeutar og sosialfagleg helsepersonell som har vist at dei har brydd seg og vore tilgjengelige og lytta når ho har hatt behov for å snakke (Førde 2014: 253-254).

Richard skulle ikkje få det like enkelt i eksil. Journalnotat som blei sendt til kommunen han flytta til etter tida i asylmottak viste ei sterk oppfordring til at Richard hadde behov for psykososial oppfølging. Han hadde hatt samtalar og oppfølging tidlegare som virka svært positivt på han, men dette fekk han ikkje i den nye kommunen. Grunnen skulle vere at han virka so livlig og tilsynelatande trengte han inga hjelp. Fokuset var på hans umoglege og urolige oppførsel, i staden for å sjå på den faktiske årsaka til den og heller fokusere på hans gode personlege eigenskapar og ressursar. Han hadde ein draum om å bli kokk.

Utan vener og nokon å snakke med samt det negative fokuset på oppførselen hans, gjorde at ga han opp. Han navigerte dit han heller kunne få kjensla av tilhøyrlighet, og hamna i eit rusmiljø. Etter kvart hamna han ei kort periode i fengsel, men kom seg ut av rusmiljøet. Ting såg ei periode ut til å gå betre då Richard fekk seg kjærast og eit born. Lykka vart kortvarig då myndighetene ville utvise han frå Noreg grunna ungdomskriminaliteten han hadde tatt straffa si for. Den neste tida av livet hans skulle vere prega av uvisse og sterke psykiske og fysiske lidingar (Førde 2014: 256-261).

Richard fekk aldri den hjelpa han burde etter han blei flytta i ny kommune. Han møtte ikkje den viktige respekten og anerkjenninga han hadde behov for og brukte den moglegheita han hadde for sosial anerkjenning til å navigere mot eit kriminelt miljø (Aamodt 2014: 48). Hadde han hatt den nære, trygge relasjonen med ein vaksenperson ville nok historia vore annleis. Slik vi kan forstå Anne si historie hadde ho opplevd den fundamentale omsorga og kjærleiken frå tidleg barndom. Sjølv om ho opplevde traumatiske hendingar under flukta, hadde ho i følgje Førde like mykje klokskap og evne til refleksjon som evna til å bry seg om andre. Ho hadde med seg viktige eigenskapar i forhold til utvikling av styrke og motstandskraft til å takle problem påførde av omgivnadane (2014:46).

Kjærleik i sosialt arbeid

I den vestlege delen av verda heng ein i følgje Førde litt igjen i den medisinske modellen, og nokre barn og unge har ofte følt at den profesjonelle har vore meir opptatt av teknikkar og den profesjonelle rolla enn å lytte til personen som ynskjer hjelp. Det kan virke som det formelle er viktigare enn det lidande individet. Borna ynskjer ofte berre å få følelsen av og blir høyrde og tekne på alvor og at vi som sosialarbeidarar også kan vise kjensler og finne ein balanse mellom den teoretiske kunnskapen og kjenslene (2014: 70-71).

Det er ikkje å kome utanom ordet *kjærleik* etter å ha lese boka til Førde. Fororda er skrivne av Per Fugelli som omtalar boka som ei kjærleikshistorie forkledd som sakprosa. Han utdjupar det med at teksten i boka beskriv eit eksperiment der kjærleiken blir satt på prøve i eit «laboratorium kalla asylmottak» (Førde 2014).

Det er i dag påvist ein samanheng mellom tydinga av kjærleik og empati for både psykisk og fysisk helse (Førde 2014: 86). Førde påpeikar at kjærleik og omsorg har nær samanheng med stressresponsystema våre, og evna til å respondere på stress og til å kontrollere stressresponsen er avgjerande for å overleve. Ho sei at omsorga vi får som barn, gjennom å bli stelt med, sunge til, leika med og speila på ein kjærleg måte, i stor grad bestemmer kven vi blir som vaksne. Det er og med på å påverke produksjonen av livsviktige hormon og hjernestrukturar, og hjerneforskarar meiner at dette har forbindelsar til utvikling av empati, som vidare i livet vil gjere oss i stand til å sette oss inn i andre menneske sine opplevingar (2014: 86-87).

Kanskje kan svaret på kvifor nokre klarer seg godt trass svære påkjenningar og oppvekstvilkår prega av vald og krenkingar, vere nettopp *kjærleik*?

Nokre forskarar har i alle fall meint å påvise at kjærleik eller mangel på kjærleik i det vidare miljøet ein veks opp i, til dømes i kulturen, i den sosiale samfunnsstrukturen og verdiane der vil fortsette å påverke hjernestrukturane. Dette er nyttig kunnskap for sosialarbeidaren med tanke på tilnærminga til unge traumatiserte flyktningar. Måten ein møter desse barna på vil ha stor betyding for deira oppleving av eigenverd og dette kan vidare bidra til både biologiske og sosiale endringar ved dei (Førde 2014: 88).

Hilde Marie Thrana skriv i si doktorgrad om «Kjærlyhet og sosialt arbeid» (2015) at kjærleik er ei grunnkompetanse i sosialt arbeid som krev sterk involvering og engasjement.

Betydninga av kjærleik for psykisk helse er vesentleg innanfor positiv psykologi og eg tenkjer dette er eit omgrep vi vil sjå meir av i sosialt arbeid i framtida. Gjennom forskinga til Thrane (2015) kan vi sjå kor viktig kjærleik iform av anerkjenning og nestekjærleik er for å auke sjølvtiliten. Den naudsynte sjølvtiliten som andre kan få når dei opplev kjærleik i nær familie har mange av dei einsleg mindreårige flyktningane ikkje etablert. Utvikling av dei einsleg mindreårige flyktningane sin identitet der dei byrja å tru på seg sjølve kan vidare hjelpe dei med å delta i det nye samfunnet gjennom arbeid og utdanning. Kjærleiken viser seg fyrst og fremst gjennom at sosialarbeidaren er uthaldande i relasjonen med dei unge flyktningane og viser at dei anerkjenner dei slik dei er, uavhengig av korleis dei oppfører seg. Det er og av stor betyding, ifylgje Thrana (2015), at sosialarbeidaren viser fysisk kontakt og nærleik og lar kjensler få kome inn i den profesjonelle rolla.

Gjennom intervju med mellom anna ungdom og ansatte i barnevernsinstitusjonar har Thrana undersøkt kva kjærleiken betyr for dei unge si utvikling og vekst. Studien hennar beskriv som nemnt kjærleik frå to ulike perspektiv. Den eine er kjærleik i form av *anerkjenning*;

kjærleiken vi kjenner igjen i relasjonen mellom foreldre og barn, og der ein blir elska og anerkjent. Kjærleik, meiner Thrana, kan vere ein behandlingsstrategi i arbeid med utsatt ungdom, der kjærleik bidreg til auka naudsynt sjølvtilit. Det andre perspektivet er kjærleik forstått som *nestekjærleik*. Dette inneber å vise medkjensle og kjærleik til den som treng hjelp (2015: 31-38)

Kor «langt» skal ein sosialarbeidar gå i ein relasjon med eit menneske som eigentleg treng ein far eller ei mor? Kor sterke band kan ein knyte med tanke på at denne relasjonen er knytt til ei stilling som plutselig kan kuttast eller seiast opp? Og vil det vere etisk å la vere å skape nære relasjonar?

Det er vanskeleg å finne heilt eintydige svar på dette, men om vi ser på avhandlinga til Thrana er der også nokre faktorarar som kan gjere det vanskeleg å innlemme kjærleik i den profesjonelle rolla. Ein faktor er gjensidighet i relasjonen mellom ungdom og ansatt som skal vere eit av kjenneteikna på kjærleik (2015: 89). Gjensidighet der begge partar gir litt av seg sjølv kan stå i eit motsetningsforhold til den profesjonelle sosialarbeidarrolla der ein som tjenesteytar for velferdsstaten skal ha ein tydeleg distanse mellom rolla som profesjonelle tjenesteytar og klient . Her må sosialarbeidaren utøve etisk skjønn for å både ivareta den enkelte brukar og forventningane om profesjonalitet frå organisasjonen side (Thrana 2015: 90).

Med tanke på kor nære band ein skal knyte sjølv om relasjonen kan bli kortvarig skriv Thrana (2015: 90) at sjølv om kortvarigheita og gjennomstrømminga av dei ulike vaksne kan gjere det vanskeleg å skape denne naudsynte relasjonen var det viktig for ungdomane å føle seg tekne vare på. Desse ungdomane i undersøkinga til Thrana var opptekne av at sjølv om relasjonane kunne vere kortvarige var det viktig at kvart møte med ein vaksen uansett brydde seg på ein oppriktig måte ved kvart enkelte møte.

Eit anna område der kjærleiken kan utfordre sosialarbeidarrolla er sjølvve forventningane om kva det inneber å utøve kjærleik i profesjonelt sosialt arbeid. Kjærleik blir hovudsakleg forbunde med ein emosjonell tilknytingsrelasjon mellom foreldre og born. Thrana hevdar at det å forstå kjærleik som «foreldreliknande kjærleik» vil kunne vere eit hinder for å sjå kjærleiken som ein del av sosialarbeidaren si profesjonelle rolle. Det er her ho trekk inn nestekjærleiken som kan fylle dette tomrommet mellom den familiære kjærleiken og den profesjonelle relasjonen (2015: 91).

Aamodt viser til ein artikkel skriva av Lars Even Olsen om bruk av kjærleik i sosialt arbeid. Der meiner forfattaren at om ein ikkje viser sosialfagleg kjærleik iform av respekt, varme og

anerkjenning i samanheng med kunnskap vil sosialarbeidaren oppfattast som kjølig og lukka for den andre (Aamodt 2014: 72).

Utifrå dette kan vi sjå at kjærleiken altså kan inngå som ein viktig del av den profesjonelle kompetansen for sosialarbeidarar. Eit viktig aspekt ved ein kjærleiksrelasjon i sosialt arbeid kan vere at den «profesjonelle kjærleiken» korkje er den same som mellom foreldre og born- eller som nestekjærleiken, men har eit innslag av begge (Thrana 2015).

Avslutning

I arbeidet med einsleg mindreårige flyktningar vil ein som sosialarbeidar kunne møte mange ulike born og unge. Nokre har klart seg greitt trass omstendigheitene, medan andre kan vere sterkt traumatiserte, anten på grunn av krig og elendighet i heimlandet eller store påkjenningar frå eit liv på flukt. I problemstillinga mi spurte eg om korleis vi som sosialarbeidarar kan bidra slik at livet i eksil blir starten på eit godt liv for einsleg mindreårige flyktningar.

For å møte desse unge flyktningane og hjelpe dei til å gjer seg kjende i eit nytt samfunn treng eg som sosialarbeidar ulik kunnskap. I tillegg til kunnskap om uttøvande sosialt arbeid, er det behov for kunnskap om korleis kultur spelar inn på tankar, kjensler og handlingar hos menneske, og hos oss menneske i mellom. Like viktig er det å ha kunnskap om traumar og livshistorier og korleis dette spelar inn på kvar einskild einsleg mindreårig flyktning.

Resiliens handlar om positiv meistring, og det er viktig at sosialarbeidaren bidrar til positiv meistring ved å halde fokus på nettopp resiliens (Borge 2010:16). Dette kan for ein einsleg mindreårig flyktning handle om å kjempe seg gjennom barrierar traumane kan sette for kvardagslege mål. Til dømes historia til Varvin (2003:80) om Nadja som ved å sitte på toget gjenopplevde traumet frå då ho var innestengd og torturert. Gjenopplevingar utløyst av assosiasjonar som dette kan vere eit stort hinder for å meistre enkle, daglege gjeremål. Som nemnt tidlegare er det viktig å finne fram dei ibuande ressursane og styrkane som kvar enkelt av dei einsleg mindreårige flyktningane vi skal arbeide med har.

Klarer ein å hjelpe dei einsleg mindreårige flyktningane til å meistre samspel med andre menneske som til dømes gjennom språk og andre sosiale ferdigheiter vil det kunne bidra til å gje dei ein resiliensfremja effekt. På same måten som å ta seg tid og lytte til kvar einskild unge flyktning vil det å tileigne seg nok kunnskap føre til ei større forståing for dei unge flyktningane sin måte å tenke og handle på. Å bli meir bevisst på kven ein sjølv er og korleis ein virkar på andre er og ein naudsynt læringsprosess for å kunne vere ein profesjonell sosialarbeidar. Samhandlinga med den einsleg mindreårige flyktningen tenkjer eg bør vere prega av ro og tryggleik, tillit og mellom anna lun humor.

At vi som sosialarbeidarar viser kjærleik gjennom anerkjenning og nestekjærleik, og stiller enkelte krav til dei unge flyktningane viser at der er nokon som står på og vil vere saman med dei sjølv om livet er vanskeleg.

Eg har valt å avslutte oppgåva med orda til den unge flyktingen Anne. Hennar ord til forfattar Siv Førde (2014: 264) er med på å sette ein strek under korleis vi som sosialarbeidarar bør møte desse unge flyktingane:

«Det einaste er å skape fred. Vi treng alle fred! Og so må du ha kjærleik i hjartet ditt. Eg meiner- tenk deg at det var ditt eige barn! So må du behandle barnet på same måten som du behandlar ditt eige barn, og på same måte som du sjølv ynskjer å bli behandla. Nemleg!»

Kjeldeliste

- Aadnesen, Bente Nes og Eva Hærem (2007): *Interkulturelt barnevernsarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget
- Aambø, Arild (2011): «Det flerkulturelle samfunnet- en sosialmedisinsk utfordring» I: Mæland, John Gunnar mfl. *Sosialmedisin*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Aamodt, Laila Granli (2014): *Den gode relasjonen*. 2. utgave. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet: «Busetting av flyktningar» (2014) <https://www.regjeringen.no/nb/tema/likestilling-og-inkludering/integrering1/bosetting/id2343754/> [lesedato 09.04.2015]
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet: «Om enslige mindreårige asylsøkere» (2015) http://www.bufdir.no/en/Barnevern/Tiltak_i_barnevernet/Omsorgssentre_for_enslige_mindre_aringe_asylsokere/Om_enslige_mindrearinge_asylsokere/ [lesedato 09.04.2015].
- Borge, Anne Inger Helmen (2012): *Resiliens. Risiko og sunn utvikling*. 2. utgave. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Bunkholdt, Vigdis (2002): *Psykologi. En innføring for helse- og sosialarbeidere*. 2. utgave. Oslo: Universitetsforlaget
- Bunkholdt, Vigdis og Mona Sandbæk (2012): *Praktisk barnevernarbeid*. 5. utgave. Oslo: f
- Dittmann, Ingeborg og Tine K. Jensen (2010): «Enslige mindreårige flyktningers psykiske helse- en litteraturstudie». http://www.psykologtidsskriftet.no/index.php?seks_id=121213&a=2 [lesedato 08.04.2015].
- Eriksen, Thomas Hylland (2001): *Flerkulturell forståelse*. 2. utgave. Oslo: Universitetsforlaget
- Evang, Anders (2012): *Utvikling, personlighet og borderline*. 5. utgave. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag
- Førde, Siv (2014): *Tapt barndom, eller...? Barns navigering fra krenkelser og traumer mot psykisk styrke*. Bergen: Fagbokforlaget

Hafstad, Gertrud Sofie og Johan Sigveland (2008): «Posttraumatisk vekst: Et mer helhetlig syn på posttraumatisk tilpasning».

http://www.psykologtidsskriftet.no/index.php?seks_id=69619&a=2

[lesedato 12.04.2015].

Heggen, Kåre (2004): *Risiko og forhandlinger. Ungdomssosiologiske emner*. Oslo: Abstrakt Forlag

Heggen, Kåre (2007): «Rammer for meistring» I: Ekeland, Tor-Johan og Kåre Heggen (red). *Meistring og myndiggjering. Reform eller Retorikk?* Oslo: Gyldendal Akademisk

Jørgensen, Tone Weire og Heine Steinkopf (2013): «Traumebevisst omsorg, teori og praksis».

<http://sor.rvts.no/filestore/Filarkiv/Dokumenter/Fagstoff/Barnevern/Artikkel3-Traumebevisstomsorg.pdf> [lesedato 01.05.2015]

Kjelsaas, Hans Arne (2009): «Sosialisering- en livslang prosess» I: Sølvsberg, Erik, Hans Arne Kjelsaas og Thomas Hylland Eriksen (2009): *Menneske og samfunn. Sosiologi og Sosialantropologi*. Oslo: Aschehoug

Levin, Irene (2004): *Hva er sosialt arbeid?* Oslo: Universitetsforlaget

Napha: «Må gi bedre hjelp til traumatiserte flyktninger» (2014).

<http://www.napha.no/content/7335/-Ma-gi-bedre-hjelp-til-traumatiserte-flyktninger> [lesedato 16.04.2015].

NRK: «Båtflyktninger i Middelhavet» (2015). <http://www.nrk.no/nyheter/1.11321852>

[lesedato 01.05.2015].

Oppedal, Brit, Laila Jensen og Karoline B. Seglem (2009): «Avhengig og selvstendig»

<http://www.fhi.no/dokumenter/87bc8567f7.pdf> [lesedato 15.04.2015].

Skorstad, Berit (2011): «Velferdssamfunnets verdibasis» I: Skorstad, Berit og Solveig Botnen Eide. *Etikk- til refleksjon og handling i sosialt arbeid*. 2. utgave. Oslo: Gyldendal Akademisk

Skårderud, Finn, Svein Haugsgjerd og Erik Stanicke (2013): *Psykiatriboken. Sinn-kropp-samfunn*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Thrane, Hilde Marie (2015): «Kjærlighet og sosialt arbeid. En studie av kjærlighetens betydning i barnebernets praksis»

<http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/282419/PhD4%20HiL%20Thrana.pdf?sequence=1&isAllowed=y> [lesedato 01.05.2015].

TV2: «De flyktet over havet til et bedre liv – barnas opplevelser gjorde sterkt inntrykk på TV 2s reporter» (2015). <http://www.tv2.no/v/908564/> [lesedato 30.04.2015]

Utlendingsdirektoratet: «Enslige mindreårige asylsøkere til Norge, første kvartal 2015» (2015). <http://www.udi.no/statistikk-og-analyse/arsrapporter/arsrapport-2013/> [lesedato 09.04.2015].

Varvin, Sverre (2003): *Flukt og eksil. Traume, identitet og mestring*. Oslo: Universitetsforlaget

Varvin, Sverre (2013): «Overgrep og traumatisering» I: Skårderud, Finn, Svein Haugsgjerd og Erik Stanicke. *Psykatrieboken. Sinn-kropp-samfunn*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Varvin, Sverre (2013): «Psykiske og psykososiale problemer hos flyktninger og innvandrere» I: Skårderud, Finn, Svein Haugsgjerd og Erik Stanicke. *Psykatrieboken. Sinn-kropp-samfunn*. Oslo: Gyldendal Akademisk.